1a

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | REGIONALAVDELINGA
Seksjon for plan - REG AVD

KYSTKONSULT AS
Gullvegen 1421
5550 SVEIO

Dato: 26.02.2019
Vår ref.: 2015/7345-8
Saksbehandlar: erlhoge
Dykkar ref.:

Att. Mikal Møller Hovda

Fråsegn til oppstart av detaljregulering - deler av Fagerland gnr. 30 og del av Vestvik gnr. 32 - Sveio kommune

Vi viser til brev datert 21.01.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for bustad- og hytteområde på Fagerland. Hovudføremålet med reguleringa er å samla fleire planar i eitt og laga forslag til detaljregulering for å bestemma endelege reguleringsføremål og stadfesta tomtegrenser med utgangspunkt i dagens formål, samt nye bustad- og fritidsområde på bnr. 30, bnr. 7 m. fl. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til utbyggingsføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel
Oppstart har vore på høyring hos Hordaland Fylkeskommune ved eit tidlegere høve i 2015. Føremålet med planarbeidet i 2015 var å laga forslag til detaljert reguleringsplan for å bestemma endelege reguleringsføremål og stadfesta tomtegrenser med utgangspunkt i dagens formål.
Område det vart lagt vekt på i vårt fråsegn frå 2015 var:

- Strandsone
- Arkitektur og estetikk
- Friluftsliv
- Landskap
- Kulturminne

Barn og unge sine interesser
Born og unge sine interesser bør vektleggjast i planarbeidet. Korleis planen legg til rette for born og unge bør omtalast og synleggjerast i plandokumenta.

Friluftsliv
Det er viktig at ikkje kvalitetar relatert til friluftsliv vert svekt som følgje av planen. Det bør sikrast gode og attraktive aktivitets- og rekreasjonsområde tett på bustader og hytter. Dette bør sikrast ved å vere nedfelt i planomtale, plankartet og føresegner.

Folkehelse
Planlegging skal gjerast slik at ein fremjar folkehelsa. Det vert vist til folkehelselova og regional plan for folkehelse. Regional plan for folkehelse har definert mål og strategiar for folkehelsa og folkehelsearbeidet i fylket. Dette må leggjast til grunn for planarbeidet.

Klima og energi
Vi oppmodar om at gode og miljøvenlege energiløysingar vert nytta. Syner elles til kap. 5.3 i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 for retningsliner til planlegging.

Landskap
All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Vi ber om at ein har særleg omsyn arkitektur, materialval og terrenginngrep i prosessen vidare.

Naturmangfald
Det vert vist til Naturmangfaldlova. Dette er eit område som må omtalast i plandokumenta.

Kulturminne og kulturmiljø
Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne, marine kulturminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

På bakgrunn av tidlegare arkeologisk registrering i samband med at delar av planområdet blei regulert i 2001, er det i Vestvik påvist ei nausttuft frå eldre jernalder, datert til slutten av romartid og byrjinga av folkevandringstid kring 400 år e.Kr. Etter lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.) § 4, første ledd, er nausttufta eit automatisk freda kulturminne, og er registrert i Riksantikvarens sin database "Askeladden" med id. nr. 106406. Innspel knytt til vidareføring av bandlagt areal for bevaring av dette kulturminnet blei gitt i vår fråsegn datert 27.08.2015, sist detaljreguleringsplan for Fagerland var til oppstart.

I detaljreguleringsplanen som no er meldt til ny oppstart, er planområdet utvida med store areal på gbnr. 30/7. Delar av områda er jordbruksland kor ein kan finne bevarte spor etter forhistorisk busetnad knytt til bruken av naustet frå eldre jernalder. Vi må difor gjennomføre ei synfaring for ei nærare vurdering av funnpotensiale før vi kan gje fråsegn til planen. Ved synfaringa vil ein vurdere om planen kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering av terrenget for å få oppfylt undersøkingsplikta (jf. kml. § 9). Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

Samferdsel
Planområdet har tilkomstveg frå fv 6, og eventuell oppgradering av kryssområdet må vere i tråd med Statens vegvesen sine vegnormalar. I krysset er det og haldeplass for buss det må takast omsyn til.

Strandsone
Byggeforbodet i strandsona gjeld som kjent som eit utgangspunkt for planlegginga, også i dei delane av Hordaland med mindre press på areala, jf. pbl § 1-8. Utbygging bør så langt råd er lokaliserast til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar. Eventuell utbygging skal vurderast med omsyn til andre allmenne interesser. Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett osb. må vurderast. Om ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg.

Meir informasjon
Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no.

Oppsummering
Det vert naudsynt med ei synfaring av område, for ei nærare vurdering av funnpotensiale av kulturminne. Hordaland fylkeskommune ber elles om at planarbeidet legg særleg vekt på strandsone, friluftsliv og landskap.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Erlend Jacobsen Høgestøl
sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Saksbehandlar:

Erlend Jacobsen Høgestøl, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Tore Slinning, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND

SVEIO KOMMUNE

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [5201 06 74239]

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Fylkeskonservatoren

1b

Kystkonsult
Gullvegen
5550 SVEIO

Dato: 27.03.2019
Vår ref.: 2015/7345-9
Saksbehandlar: torslin
Dykkar ref.:

Att. Mikal Møller Hovda

Oppstart av detaljregulering - deler av Fagerland gnr 30 og del av Vestvik gnr 32 - Sveio kommune - Resultat etter synfaring, krav om arkeologisk registrering

Vi viser til Dykkar brev datert 21.01.2019 med varsel om oppstart av planarbeid i ovanfor nemnde sak, samt vårt varsel om kulturhistorisk synfaring i brev datert 26.02.2019. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Ved offentleg ettersyn kan ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Fylkeskonservatoren har no gjennomført ei synfaring av dei aktuelle areala omfatta av det utvida planområdet. Innafor plangrensa ligg det eit SEFRAK-registrert tun på gbnr. 30/167 og fleire SEFRAK-registrerte tufter etter kvernhus ved vassdraget vest i planområdet. I planutgreiinga må det inngå omtale av desse kulturminna med vurdering av verneverdi.

Forutan den tidlegare omtalte nausttufta frå eldre jernalder, er det så langt ikkje registrert andre automatisk freda kulturminne innanfor plangrensa. Ved synfaring i terrenget blei det identifisert nokre avgrensa areal i austre del av gbnr. 30\7, som ut frå sonderingar i marka har potensiale for funn av bevarte spor knytt til forhistorisk jordbruksbusetnad. I drenerte delar av myrområda lengre vest blei det også påvist sjikt med trekol som kan vere spor etter produksjon av trekol og evt. jern i eldre tid.

Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering i det utvida planområdet, for å avgjere om tiltak kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne i marka. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Dersom det er ynskjeleg å få utført registreringa før

planen blir lagt ut til offentleg høyring, ber vi om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.

Med helsing

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Tore Slinning
spesialrådgiver | arkeolog

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

2

Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 04.03.2019

Vår ref: 2019/2732

Dykkar dato: 21.01.2019

Dykkar ref:

Kystkonsult as
Gullvegen 1421
5550 Sveio

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åse Vaag, 5557 2188

Oppstartsmelding - Sveio - Gbnr 30 / 2 3 7 mfl - Gbnr 32 / 9 115 mfl - Vestvik - Fagerland - Reguleringsplan

Viser til melding om oppstart av reguleringsplan mottatt 21.01.19 med frist for innspel 7. mars 2019.

Varselet gjeld oppstart av arbeid med detaljregulering for bustad- og hytteområde med naust og småbåthamn på Fagerland og del av Vestvik i Sveio kommune.
I området gnr. 30, bnr. 2 og 3 mfl. på Fagerland er det i tidlegare vedteken reguleringsplan sett krav om utbyggingsplan. Storparten av dette området er bygd ut og teke i bruk. Også for noko av Vestvik-området er det godkjent reguleringsplan. For desse områda blei det i 2015 meldt felles oppstart om ny detaljregulering, men arbeidet blei ikkje avslutta.

Målet med planarbeidet er å samla fleire planar i eitt og laga forslag til detaljregulering for å bestemme endelege reguleringsføremål og stadfesta tomtegrenser med utgangspunkt i dagens forhold, samt nye bustad- og fritidsområde.

Planarbeidet er av Sveio kommune vurdert til ikkje å utløysa krav om konsekvensutgreiing etter pbl § 4-2, med grunngjeving i at området allereie er avsett til utbyggingsføremål.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken.

Fylkesmannen minner elles om:

Fritidsbustad
Fritidsbustad skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk, jf. St. meld. nr. 21 (2004-2005) og vegleder T-1450.
Strandsona - område med mindre press

E-postadresse: fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Statens hus, Kaigaten 9, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665

Byggeforbodet i strandsona gjeld også i dei delane av Hordaland med mindre press på areala, jf. pbl § 1-8. I følge statlege retningslinjer om differensiert utbygging i strandsona er det likevel lettare for desse kommunane å vedta planer som opnar for utbygging i strandsona, enn i kommunar der arealpresset er større. Utbygging bør så langt råd er lokaliserast til område som er utbygd frå før av, slik at man unngår bygging i urørte områder med spesielle kvalitetar.

Naturmangfald

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Åse Vaag
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

3

3

Dokument 19/18452-2 Uttale til detaljregulering for bustad- og hytteområdet på Fag erland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Vestvik - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kom mune sendt fra Statens vegvesen

mikalmhovda@yah.../1905 Fagerlan

noreply.saksbehandling@vegvesen.no <noreply.saksbehandling@vegvesen.no>
Til: mikalmhovda@yahoo.no

8. mar. på 07:1

Til Mikal Møller Hovda

Vedlagt oversendes dokument **19/18452-2 Uttale til detaljregulering for bustad- og hytteområdet på Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Vestvik - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kommune** i sak **Reguleringsplan - Del av Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Vestvik - Gnr. 32 bn 115 m.fl. - Sveio kommune** fra **Statens vegvesen**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

Eventuelle henvendelser vedrørende behandlingen kan rettes til firmapost@vegvesen.no eller i vårt kontaktskjema.

Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.

Til Mikal Møller Hovda

Vedlagt sender vi dokument **19/18452-2 Uttale til detaljregulering for bustad- og hytteområdet på Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Ves - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kommune** i sak **Reguleringsplan - Del av Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Vestvik - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kommune** frå **Statens vegvesen**. Sjå vedlegget for innhaldet i utsendinga.

Eventuelle førespurnader som gjeld behandlinga kan rettast til firmapost@vegvesen.no eller i kontaktskjemaet vårt.

Dette er ein systemgenerert e-post du ikkje kan svare på.

Attn. Mikal Møller Hovda

Enclosed you will find the document **19/18452-2 Uttale til detaljregulering for bustad- og hytteområdet på Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - De Vestvik - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kommune** from the Norwegian Public Roads Administration.

If you have queries regarding this case, please contact firmapost@vegvesen.no.

This is an automatically generated email – please do not reply.

1 fil 41.7kB

19_18452-2Uttale til detaljregulering for bustad- og hytteområdet på Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Vestvik - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kommune.pd
42kB

Statens vegvesen

Kystkonsult AS

Mikal Møller Hovda

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Eva Birgitte Teige / 45023750	19/18452-2		08.03.2019

Uttale til detaljregulering for bustad- og hytteområdet på Fagerland - Gnr. 30 bnr. 2, 3, 7 m.fl. - Del av Vestvik - Gnr. 32 bnr. 9, 115 m.fl. - Sveio kommune

Viser til melding om oppstart av planarbeid datert 21.01.2019.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Deler av området er regulert og utbygd tidlegare, og føremålet med planarbeidet er lage ein heilskapeleg plan for heile bustad- og hytteområdet, med naust og småbåthamn og tilhøyrande frilufts- og trafikkområde.

Statens vegvesen vil generelt peike på at planen må ivareta trafikktryggleiken for alle trafikantgrupper.

Området har tilkomst i kryss frå fv 6. Ein må sjå til at krysset oppfyller krava i handbøkene. Det er et busstopp i krysset, og skuleungar som tar buss herifrå. Dette må utbetrast med betre avstigingsområde for sørgåande bussar, og betre lys i området. Det er ikkje eit godt venteområde for ungar som skal med buss nordover på skulen. Dette må sjåast på i planen. Vi har elles ingen merknader så langt.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vabakkjen 7
5404 STORD

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Eva Birgitte Teige

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.